



## Statens vegvesen

### Referat

Dato: 16.05.2017  
Tid: 12.00–13.00  
Referent: Svein Rosseland

Sakshandsamar/telefon:  
Helge Sandvik / 95088609>  
Vår dato: 22.05.2017  
Vår referanse:  
16/43900–10

### Nordhordlandspakken – Møte ved Lindås kommune vedrørende plassering av bomstasjonen ved Mundalsberg tunnelen

**Møte nr:** 1  
**Stad:** Rådhuset i Knarvik  
**Møteleiar:** Astrid Aarhus Byrknes  
**Til stades:** Lindås kommune (LK): ordførar Astrid Århus Byrknes, rådmann Ørjan Raknes Forthun.  
Statens vegvesen (SVV): Helge Sandvik, Svein Rosseland  
**Forfall:** Fyll inn.  
**Kopi til:** Alle til stades, Gunhild Vangsnes

Ansvar / frist

#### 1. Bakgrunn for møtet

Møte kom i stand med bakgrunn i at Lindås kommune v/ ordførar ynskte eit møte med Statens vegvesen for å avklara status på plassering av bomstasjonen vest for Mundalsberg tunnelen i Nordhordlandspakken.

Ordførar orienterte om at kommunen er svært bekymra for snikkøyring på gamlevegen som går mellom Indre Gjervik og Ytre Gjervik og den ekstra trafikken dette kan medføre. Langs denne vegen er det bustader som ligg svært nær vegen og vegen er mykje brukt av mjuke trafikkantar. Dette er ein kommunal veg, er svært smal og toler ikkje trafikkauke. Ved å plassera bomstasjonen slik den er planlagt, vil bygda Gjervik dessutan «delast i to». Dette vil også gå ut over

trafikktryggleiken.

Det vart vist fram kart og bilete som forklaring på dagens situasjon og lokalisering av på- og avkøyring til E39.

Ut frå trafikktryggleiken til dei fastbuande og brukarane av gamlevegen, ynskjer kommunen at bomstasjonen skal flyttast til austsida av Mundalsberg tunnelen.

HKF

## 2. Status på plassering av bomstasjonane i Nordhordlandspakken.

Statens vegvesen orienterte om status på plassering av dei fem bomstasjonane i Nordhordlandspakken. Plasseringane har forankring i lokalpolitiske vedtak og fylkeskommunalt vedtak, jf. Fylkestingsvedtak 09.06.2015 for «Bompengesøknad for Nordhordlandspakken – justert opplegg». Figur 1 viser plasseringane av alle fem bomstasjonane i dette vedtaket.



Fig. 1. Plassering av bomstasjonane i Nordhordlandspakken

Statens vegvesen orienterte vidare om status på arbeidet med konkurransegrunnlaget for entreprisane med å etablera bomstasjonane. Når det gjeld bomstasjonen vest for Mundalsberg tunnelen, er det foretatt ei justert plassering ca. 500m lenger vest. Dette er hovudsakleg på grunn av siktforhold ved ut/innkøyring til servicebil. Denne justeringa vil ikkje endre på bompengelopplegget som ligg i

fylkestingsvedtaket eller argumenta som kommunen har vedrørende ønske om flytting av bomstasjonen til aust for Mundalsberg tunnelen. Figur 2 viser opprinneleg og justert plassering av bomstasjon vest for Mundalsberg tunnelen.



Fig. 2. Justert plassering av bomstasjon vest for Mundalsberg tunnelen.

### 3. Konklusjon

Saka vart diskutert og det var semje om fylgjande saksgang vidare:

- Statens vegvesen vurderer så fort som rå om det er mogleg å flytta bomstasjon nr. 3 til aust for Mundslaberg tunnelen utan at bompenggeopplegget i Nordhordlandspakken vert endra. Dette inneberer at SVV gjennomfører ei synfaring og vurderer dette ut frå eit fagleg grunnlag: siktforhold, avstand til tunnel, oppstillingsplass for servicebil, plassering av teknisk bod, plassering av fundament for bommen og leidningar i grunnen og framføring av straum og fiberkabel.
- SVV undersøker med Vegdirektoratet om ei eventuell flytting av denne bomstasjonen krev endring/justering av tekst i Stortingsproposisjonen til Nordhordlandspakken.
- SVV vil i samråd med Vegdirektoratet vurderer om det er behov for kommunalt vedtak ved ei eventuell flytting av bomstasjonen frå vestsida til austsida av Mundalsberg tunnelen.
- Det er viktig å ha høg prioritet på denne saka.

22.05.2017

SR

	Ansvar / frist